

Utval: Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland
Møtestad: Fylkesutvalssalen, 3. et., Fylkeshuset
Dato: 24.09.2019
Tidspunkt: 12:30-14:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Gustav Bahus	Medlem	FRP
Stein Inge Ryssdal	Nestleiar	FL H/V
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	FL KRF/SP
Jon Askeland	Leiar	FL SP/SV/R/MDG
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/MDG/SV

Følgjande konsultative medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Thorbjørn Thiem	Konsultativt medlem	Statens vegvesen Region Vest
Sindre Lillebø	Konsultativt medlem	Statens vegvesen Region Vest
Rune Bertheussen	Konsultativt medlem	Autoriserte trafikkskolars landsforbund (ATL)
Åsmund Bergo Aarvik	Konsultativt medlem	Ungdommens fylkesutval

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Torill Klinker	Seksjonsleiar for transportplanseksjon
Even Vaular	Rådgjevar vegseksjon
Eva Vinjevoll	Rådgjevar transportplanseksjon
Venke Barrikmo	Seniorrådgjevar opplæringsavdelinga
Silje Lyngstad	Rådgjevar/møtesekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 35/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 36/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 37/19	Referatsaker		
RS 16/19	Trafikksikringskonferansen i Hordaland 2019	2014/13889	
RS 17/19	Kartlegging av trafikkopplæring i grunnskulen	2014/13889	
RS 18/19	Utprøving av ny fartsdempande teknologi på Fv585 Nattlandsveien	2014/13889	
PS 38/19	Ymse		
PS 39/19	Mikromobilitet	2014/13889	
PS 40/19	Omdisponering av budsjettmidlar	2014/13889	
PS 41/19	Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - 3.tildeling 2019	2015/5869	
PS 42/19	Rapport frå Trygg Trafikk - "Helsevesenbasert skaderegistrering som verktøy for å forebygge trafikkulykker"	2014/13889	
PS 43/19	Kandidatar til trafikksikringsprisen 2019	2014/13889	

PS 35/19 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 24.09.2019

Innkalling og saksliste vart godkjend utan merknader.

PS 36/19 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 24.09.2019

Møteboka frå 28.05.19 vart godkjend utan merknader.

PS 37/19 Referatsaker

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 24.09.2019

RS 16-19/19 vart referert.

RS 16/19 Trafikksikringskonferansen i Hordaland 2019

RS 17/19 Kartlegging av trafikkopplæring i grunnskulen

RS 18/19 Utprøving av ny fartsdempande teknologi på Fv585 Nattlandsveien

PS 38/19 Ymse

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 24.09.2019

I samband med sak RS 17/19 - Kartlegging av trafikkopplæring i grunnskulen, sette Gustav Bahun fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmann:

«Fylkestrafikksikringsutvalet vil be om at fråvær ved trafikkopplæring må verte handsama likt ved dei vidaregåande skulane i Vestland».

Røysting

Bahun sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

PS 39/19 Mikromobilitet

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 24.09.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet tek saka til orientering.

PS 40/19 Omdisponering av budsjettmidlar

Forslag til vedtak

Mindreforbruket på FTU-budsjett for 2019 vert nytta etablering og utprøving av ny fartsdempande teknologi (Actibump) i Bergen kommune. Resterande mindreforbruk vert nytta til innkjøp av refleksar.

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 24.09.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Mindreforbruket på FTU-budsjett for 2019 vert nytta etablering og utprøving av ny fartsdempande teknologi (Actibump) i Bergen kommune. Resterande mindreforbruk vert nytta til innkjøp av refleksar.

PS 41/19 Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - 3.tildeling 2019

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fordeler midlar til lokale trafikksikringsarrangement slik:

Søkjjer	Namn på arrangement	Søknadssum	Totale utgifter	Tilskot
Bømlo kommune	Markering av Nasjonal refleksdag	Kr 30 000	Kr 35 000	Kr 30 000
Samnanger kommune	Sykkelkids	Kr 10 000	Kr 10 000	Kr 10 000
Trygg Trafikk Hordaland	Sykkellys-aksjon haust 2019	Kr 100 000	Kr 140 000	Kr 90 000
Undarheim barnehage	Trafikksikring	Kr 50 000	Kr 50 000	Kr 0
Kvinnherad kommune	Tryggare skuleveg	Kr 19 385	Kr 19 385	Kr 19 385
Kvam Herad	Informasjonstavler	Kr 120 000	Kr 120 000	Kr 0
Voss sentrum	Badnaslepp (Smalahovesleppet)	Kr 40 000	Kr 87 500	Kr 40 000
Kvinnherad kommune	Trafikkdagar i Bringedalsbygda barnehage	Kr 10 000	Kr 10 000	Kr 5 000
Sædalen FAU	Refleksvestaksjon 2019	Kr 2 000	Kr 5 500	Kr 2 000
FAU Undarheim skule	Aktive barn – Tryggare skuleveg	Kr 27 000	Kr 27 000	Kr 10 000
FAU Ulsmåg skule	Hjertekunstsone	Kr 110 000	Kr 570 000 fordelt på tre skular	Kr 0
Møhlenpris oppveksttun skole	Hjertekunstsone	Kr 110 000	Kr 570 000 fordelt på tre skular	Kr 0
Bergen kommune	Hjertekunstsone	Kr 110 000	Kr 570 000 fordelt på tre skular	Kr 0
Totalt		Kr 738 385	Kr 1 074 385	Kr 206 385

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 24.09.2019

Konsultatitv medlem frå Trygg Trafikk, Knut Olav Røssland Nestås, stilte spørsmål om han var inhabil.

Røssland Nestås gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil.

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland vedtok samrøystes at Røssland Nestås var inhabil etter forvaltningslova § 6 anna ledd.

Røssland Nestås gjekk frå under behandlinga av saka.

Astrid Aarhus Byrknes (KRF) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Trygg Trafikk får 10.000 ekstra»

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag med Byrknes sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fordeler midlar til lokale trafikksikringsarrangement slik:

Søkker	Namn på arrangement	Søknadssum	Totale utgifter	Tilskot
Bømlo kommune	Markering av Nasjonal refleksdag	Kr 30 000	Kr 35 000	Kr 30 000
Samnanger kommune	Sykkelkids	Kr 10 000	Kr 10 000	Kr 10 000
Trygg Trafikk Hordaland	Sykkellys-aksjon haust 2019	Kr 100 000	Kr 140 000	Kr 100 000
Undarheim barnehage	Trafikksikring	Kr 50 000	Kr 50 000	Kr 0
Kvinnherad kommune	Tryggare skuleveg	Kr 19 385	Kr 19 385	Kr 19 385
Kvam Herad	Informasjonstavler	Kr 120 000	Kr 120 000	Kr 0
Voss sentrum	Badnaslepp (Smalahovesleppet)	Kr 40 000	Kr 87 500	Kr 40 000
Kvinnherad kommune	Trafikkdagar i Bringedalsbygda barnehage	Kr 10 000	Kr 10 000	Kr 5 000
Sædalen FAU	Refleksvestaksjon 2019	Kr 2 000	Kr 5 500	Kr 2 000
FAU Undarheim skule	Aktive barn – Tryggare skuleveg	Kr 27 000	Kr 27 000	Kr 10 000
FAU Ulsmåg skule	Hjertekunstsone	Kr 110 000	Kr 570 000 fordelt på tre skular	Kr 0
Møhlenpris oppveksttun skole	Hjertekunstsone	Kr 110 000	Kr 570 000 fordelt på tre skular	Kr 0
Bergen kommune	Hjertekunstsone	Kr 110 000	Kr 570 000 fordelt på tre skular	Kr 0
Totalt		Kr 738 385	Kr 1 074 385	Kr 206 385

PS 42/19 Rapport frå Trygg Trafikk - "Helsevesenbasert skaderegistrering som verktøy for å forebygge trafikkulykker"

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) er uroa over dei store manglane i den offisielle statistikken over vegtrafikkulykker som er påvist gjennom Trygg Trafikk sin rapport om skaderegistrering.

FTU ber ansvarlege myndigheiter om å få fortgang i arbeidet med å sikra ein meir fullstendig statistikk for vegtrafikkulykker.

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 24.09.2019

Gustav Bahus (FRP) sette på vegner av FRP, A, KRF, SP og H fram slikt forslag:

«Endring

1. Stryke «dei store» i første avsnitt.
2. Tillegg til første avsnitt: , og ber Trygg Trafikk saman med ansvarleg myndigheter jobba vidare med problemstillingane rundt skaderegistrering.
3. Siste avsnitt (2) vert strøke.

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke med endringar framsett av Bahus.

Vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) er uroa over manglane i den offisielle statistikken over vegtrafikkulykker som er påvist gjennom Trygg Trafikk sin rapport om skaderegistrering, og ber Trygg Trafikk saman med ansvarleg myndigheter jobba vidare med problemstillingane rundt skaderegistrering.

PS 43/19 Kandidatar til trafikksikringsprisen 2019